



I Omvikdalen er 6 småkraftverk i drift og eitt under bygging. Allereie for 6 år sidan vart eit minikraftverk i Botnelva sett i drift og her blir det markert av Jan Tore, Vemund og Per Hjelmland. (Foto: Grenda)

Aktiviteten har vore og er stor også i Kvinnherad når det gjeld utbygging av småkraftverk, men Uskedalen ligg klart i bakevja på dette området. 3 prosjekt er drøfta, men så langt er det søkt om konsesjon berre for Tverrelva-prosjektet. Minikraftverket på Friheim er det einaste her i bygda som er i drift mens det no er 23 småkraftverk i gang i forsyningsområdet, opplyser Kvinnherad Energi til uskedalen.no



[Dette er det hittil einaste småkraftverk i Uskedalen\).](#)

Dette er dei 23:

Årvikstrand/Mauranger 7, Rosendal 2, Omvikdalen 6 (pluss eitt under byggjing), Herøysund/Husnes 3, Ytre Matre/Åkra 3, Uskedalen 1 og Valen 1.

Størrelsen på småkraftverka (som også omfattar minikraftverk) varierer frå 18 kW til 4,6 MW og samla produksjon er 130 GWh. Ein oversikt frå i fjor fortel at 6 småkraftverk var under byggjing eller oppgradering med ein samla produksjon på 50 GWh.



Kurt Eivind Miljeteig står her mellom generator og styringsskap i kraftverket sitt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bygder som Omvikdalen, Åkra og Mauranger ligg altså til dels lagt foran oss og har fleire småkraftverk i drift og fleire på teikneprettet. Så seint som rett før jul fekk SKL-småkraft konsesjon for ei utbygging i Åkraelva, der kraftstasjonen skal liggja rett ved Stamphølen på Årtunsida, før elvene møtest. Inntaket ligg rundt 300 høgdemeter høgare og stasjonen skal produsera 17 Gwh eller nok kraft til å forsyna 800 husstandar. Det må detaljplanleggjing til før arbeidet med kraftverket kan starta.

Frå før ligg Vika Kraft i området og produserar 13 GWh. Det er eigd av 18 grunneigarar og kom i drift i 2008 etter eitt års byggjetid.

Av andre prosjekt som ikkje ligg så langt unna oss kan som eitt døme nemnast Liarelva Kraftverk på østsida av Matresfjorden der SKL fekk konsesjon i april i fjor og som skal produsera 6,2 GWh. Her er fallet rundt rekna 500 høgdemeter og 310 husstandar kan få straum frå kraftverket.

Det er mange grunnar til at det ikkje blir noko av atskillige småkraftverk-prosjekt fordi dei som kunne vera interesserte vegrar seg. Ein grunn er eigedomsskatten og her har Synnøve Solbakken som ein av 20 ordførarar sendt eit krav til regjeringa om at maksimumsverdien for denne skatten på kraftanlegg blir fjerna. Dermed vil eigedomsskatten fra kraftproduksjonen fange opp dei reelle marknadsverdiene –som for alle andre objektar som blir ilagt slik skatt.

Problemet med dei grønne sertifikatane er ein annan grunn til at utbyggingsinteressa ikkje er enda større. For anlegg med byggjeart mellom 2004 og 2009 blir berre anlegg under 1 MV inkludert i denne ordninga.

Av Ola Matti Mathisen